



Keipane kystlag

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/539 - 19/16314

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

18.11.2019

## Tilskot til inkludering og integrering 2019

Kommunestyret vedtok i sak 019/2017 å setja av kroner 250 000 til ei tilskotsordning for inkluderings- og integreringstiltak. Ramma for årleg tildeling er kr 80 000, fordelt med kr 40 000 per halvår i perioden 2017-2019. Det kom inn tre søknader om tilskot i denne søknadsrunden.

### 1. Radøy fotballklubb

Radøy fotballklubb ynskjer å oppretta eit fond som skal bidra til at born og unge skal ha høve til å delta på fritidsaktivitetar uavhengig av føresette sin økonomi. Gjennom fondet kan ein få støtte til deltaking på cupar, reiser og sosiale tilstellingar som er i regi av laget. I tillegg kan ein få støtte til kjøp av utstyr som fotballscho, leggbeskyttarar, overtrekks-drakt osv. Radøy fotballklubb søker om kr 20 000 kroner til dette tiltaket.

#### Vurdering:

Tiltaket fell utanfor føremålet med denne ordninga. I retningslinene for ordninga står det at den skal skal stimulera til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktingar og innvandrarar som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet.

#### Vedtak:

Søknaden får avslag.

### 2. Keipane kystlag

Keipane kystlag søker om tilskot til tre tilrettelagte fisketurar – to for menneske med nedsett funksjonsevne og éin for innvandrarar/flyktingar.

#### Vurdering:

Keipane kystlag har god erfaring og kompetanse til å gjennomføra tilrettelagte fisketurar, og tilbagemeldingar frå deltakarar på tidlegare turar har vore gode. Tiltaket fell inn under det som kan støttast i denne ordninga.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

Vedtak:

Keipane kystlag får 20 000 kroner til gjennomføring av minst to tilrettelagte fisketurar i 2020. Born med nedsett funksjonsevne skal vera prioriterte på minst éin av turane.

**3. Manger idrettslag**

Manger idrettslag søker om 40 000 kroner i støtte til tre tiltak:

1. Spelarbenkar ved bocciabana i Grønålen slik at spelarar kan sitta tørt under treningar. På denne måten kan sesongen for bana utvidast, og dei kan også byrja å arrangera treningar for born og unge med nedsett funksjonsevne.
2. Innkjøp av bocciaballar til utebana. Ballane skal liggja i gapahuken og vera tilgjengeleg for alle.
3. Grill ved bocciabana for å gjera området endå meir attraktivt og brukarvenleg. Denne kan brukast gjennom heile hausten i samband med aktivitet på bana og kan også nyttast av turgåarar.

Vurdering:

Manger IL søker om utstyr og tilskot til anleggsutvikling. I retningslinene er det arrangement som kan støttast, medan andre tiltak i tråd med målsetjinga kan vurderast særskilt. Då målsetjinga med spelarbenkar ved bocciabana er å kunna arrangera bocciatreningar for born med nedsett funksjonsevne, finn me å kunna gje tilskot til dette tiltaket. Tiltak 2 og 3 rettar seg i stor grad mot alle brukargrupper og fell utanfor denne ordninga.

Vedtak:

Manger IL får 20 000 kroner til spelarbenkar ved bocciabana.

Midlane vert utbetalte i løpet av kort tid. Tiltaket skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 1. oktober 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket. Sluttrapporten skal dokumentera utgifter minst tilsvarande tilskotsbeløpet. Unytta midlar eller midlar nytta i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. desember 2020.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om rett til å klaga på eit forvaltningsvedtak (L)(236465)

**Kopi til:**

Manger Idrettslag

Odd Helge Hagen

5931

MANGER

**Mottakarar:**

Keipane kystlag

Manger Idrettslag

Radøy Fotballklubb v/Jannicke

Helland

Postboks 76

5931

MANGER